



Andres Hauge
Krambuhagen 24
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/701 - 16/7044

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
11.03.2016

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 108/315 Lindås

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 26.02.2016.

Tiltaket omfattar oppføring av terrasse på eigedom gbnr. 108/315. Vi gjer merksam på at tiltaket kjem innunder tiltak som du som heimelshavar kan forestå sjølv utan at det vert søkt om ansvarsrett. Kommunen har omgjort søknad til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-4 bokstav a) jf. byggesaksforskrifta § 3-1 bokstav a).

Planstatus

Eigedomen er regulert og omhandla av reguleringsplan «Apalbakken. Del av gnr. 108 bnr.2»/planid.: 1263-01101985. Eigedomen er sett av til bustadføremaal.

Byggningsplassering synt på plankart er ikkje juridisk bindande, jf. føresegna til planen § 1.
Tillate grad av utnytting er 20 % BYA, jf. § 3 i føresegna.

Kommunen har kontrollert tiltaka på eigedomen og finn at samla bygd areal (BYA) er om lag 295 m² etter gjennomført tiltak, maks tillete bygdareal for eigedomen er 299 m².

Teikningar

Situasjonsplan syner plassering av omsøkt tiltak, men det er ikkje påført minste avstand til nabogrense mot gbnr. 108/316. Det må leverast inn oppdatert situasjonsplan der minsteavstand til nabogrense gbnr. 108/316 er påført. Dersom tiltaket kjem nærare nabogrense enn 4 meter må det leggjast fram naboerklæring på plassering, evt. må det søkjast om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4. De kan nytte vedlagd skjema dersom det er naudsynt med naboerklæring.



Snittteikningar syner ikkje høgde over planert terreng i høve det omsøkte tiltaket. Måla må påførast snittteikningane.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Oppdatert situasjonsplan påført minsteavstand til nabogrense (gbnr. 108/316)
2. Oppdatert snittteikning påført høgde over planert terreng med omsyn til omsøkt terrasse
3. Naboerklæring eller søknad om dispensasjon frå avstandskravet i plan- og bygningslova § 29-4, dersom tiltak vert plassert nærare nabogrense enn 4 meter.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **29.04.2016**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

naboerklæring skjema vnr 20160203

Mottakarar:

Andres Hauge

Krambuhagen 24 5955

LINDÅS